

NEI TIL EUS LANDSMØTE KREVER:

– Gå ut av TISA-forhandlingene!

Sidene 4–5



NY LEDELSE:

Bli kjent med Gina og Shoaib

Side 6–7

ÅRBOKA 2016:

Vil Schengen-avtalen bryte sammen?

Side 8–9

STORBRITANNIA:

Norsk løsning – alternativ for Storbritannia

Side 12–13

Bli medlem i Nei til EU!

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (200,-)

FOTO: EIVIND FORMOE

Verdifulle medlemmer

En organisasjon er en levende organisme som trenger næring for å leve, og den beste næring Nei til EU kan få er nye medlemmer. Vi er helt avhengig av nye medlemmer for å overleve, fordi det er naturlig at noen faller fra hvert år. Gjennomsnittsmedlemmet vårt er en voksen kar på 62 år, og ære være alle ivrige, dyktige karer. Men vi trenger fornyelse og foryngelse. Derfor er alle nye medlemmer velkommen, og vi har fått mange nye i år! Innimellom ler vi litt av at vi får så mange nye medlemmer og henvendelser at vi nesten ikke får registrert og tatt imot. Men, hurra! Det er jo superbra! Et ekstra velkommen til alle nye medlemmer!

Nei til EUs medlemmer er svært forskjellige, og jeg har vært heldig og har truffet mange av dere det første året som leder. Jeg har besøkt alle fylker unntatt Sogn og Fjordane og møtt svært mange engasjerte medlemmer og tillitsvalgte. Lista er lang og jeg burde selvsagt nevnt dere alle, men jeg tillater meg allikevel å trekke fram noen eksempler:

På styresamlingen i Kirkenes i september, var det stas å se at fylkeslaget i Finnmark er reetablert og har fått ny gnist. En morgentur rundt i Kirkenes, med en sving nedom kaia der vi så rett over til russergrensen. For et langt og mangfoldig land vi har. Veien virker lang til et myldrende julemarked i Rosenkrantzgate i Oslo, der det aktive fylkeslaget Oslo Nei til EU har sitt tradisjonelle julemarked, med kvalitetskunst, bøker, hjemmelaget ripsgele, bakst, håndarbeid og en yrende kafé.

Midt i landet har vi fått nytt lokallag i Solør. Heia Hedmark fylkeslag som har bidratt med oppstart av siste lokallag på Nei til EU-stammen. I Nord-Østerdalen inspirerer Hedmark Nei til EU til TISA-frie soner, og er så vidt jeg vet eneste fylkeslag med faglig utvalg. I Møre og Romsdal fikk fylkeslaget gjennomslag for kursing av det regionale Journalistlaget med tre timers seminar fra Nei til EU om aktuelle saker. Rogaland Nei til EU satset på studietur til Brussel, med nyttige besøk hos blant annet EFTA og KS. Drammen Nei til EU kjører studiering med fire ulike temaer og innledere. La dere inspirere til det som passer for dere.

Som styre, arbeidsutvalg og leder er vi valgt til å representere dere, blant annet gjennomføre landsmøtevedtak,

drive organisasjonen og være i media. I tillegg jobber våre organisasjonskonsulenter med daglig drift, tilrettelegging og oppfølging av aktivitet. Dere må aldri glemme at vi representerer og jobber for dere som er våre verdifulle medlemmer. Derfor skal veien være kort til å ta kontakt, og vi vil gjøre vårt for å tilby godt materiell, levere god informasjon og representere dere på en god måte. Når Bondelaget i Alvdaal for eksempel etterspør studiering om TTIP kaster vi oss rundt, og studieplan har det blitt. Egen studiering om TISA er også laget. Slikt samspill liker vi.

Landsmøtet i Svolvær ga føringer for arbeidet i 2016. Arbeidsplanen er mer kortere og mer konkret enn på flere år, takk til arbeidsplangruppa som komprimerte den. Den inneholder likevel mer enn nok til å fylle et arbeidsår. Vi skal jobbe med EØS, TISA, TTIP,



AV KATHRINE KLEVELAND

Leder i Nei til EU

kathrine.kleveland@neitileu.no

Tegning: Pål Hansen, alias UKRUT.no

Schengen, direktiv og avtaler. Vi skal verve, informere og studere, bygge allianser og bryte lydmuren i media. Det er så jeg må trekke pusten. Hvordan skal vi klare alt dette? Dette er et felles ansvar jeg deler med dyktige lokallag, kontaktpersoner, fylkeslag og engasjerte alliansepartnere, og en dyktig stab. Styret vil prioritere hvordan vi skal fylle arbeidsplanens intensjoner best. Dette blir bra!

Over 23 000 medlemmer imponerer, dere er gull verdt. Samtidig vet vi at slettes ikke alle medlemmer er opptatt av voldsom aktivitet. Kun seks prosent ønsker å engasjere seg mer. Mange av dere er gode støttemedlemmer som er i beredskap. Dere skal vite at dere er svært verdifulle for oss. Styrken ved å være mange skal aldri undervurderes, og det er jo litt stas å kunne si at vi har nesten åtte ganger så mange medlemmer som Europabevegelsen.

Takk til hvert enkelt medlem som er med oss inn i et nytt arbeidsår! Jeg gleder meg til nye oppgaver, sammen med dere!



«62 år og på gullstol»

Kriminaliteten i arbeidslivet

Tre omfattende tiltakspakker mot sosial dumping sto den rødgrønne regjeringa for i sin regjeringsperiode. Mange av tiltaka er nyttige. Det ville gått verre uten. Likevel tyder det meste på at den sosiale dumpinga fortsetter å spre seg. I tillegg utvikler det seg nye, hensynsløse former for kriminalitet i arbeidslivet.

Kontrollatene med ansvar for hver sin flik av arbeidslivet har lenge ropt varsko. Fra *Arbeidstilsynet* meldes det at «våre tilsyn kommer i kontakt med mafiavirksomhet, hvitvasking av penger, narkotika, vold, menneskehandel, prostitusjon, smugling.»

Økokrim fastslår at «firmaer som driver med ulovligheter, er i flere etaters søkelys, blant annet på grunn av ulovlig arbeid, bruk av ulovlig arbeidskraft, svart arbeid, doble kontrakter, NAV-svindel, mathygiene, kjøp av smuglervarer, brannsikkerhet, boforhold osv.»

Debatten om sosial dumping og kriminalitet i arbeidslivet skjener som regel utenom det mest opplagte – virkningene av den EØS-avtalen vi har med EU. Det er EØS som slipper løs konkurranse i stadig større deler av arbeidslivet – for bedriftene og arbeidsgiverne en konkurranse om arbeidsoppdrag, for arbeidstakere en konkurranse om jobbene.

Regelverket til EØS er identisk med regelverket på EUs indre marked. EU sliter i dag med en utvikling der store deler av arbeidslivet er sosiale katastrofeområder og der fagbevegelsen undergraves både av en massearbeidsløshet som har vart i 20-30 år og fordi standarder og faglige rettigheter svekkes.

Omfanget av sosial dumping og organisert kriminalitet i arbeidslivet er derfor langt mer omfattende og sosialt destruktivt i de fleste EU-land enn i Norge. Likevel er EØS langt på vei et tabu i debatten om sosial dumping og kriminalitet i arbeidslivet.

EØS binder oss til EUs regelverk for grunnleggende forhold i arbeidslivet – og vi har samme utvikling av sosial dumping og kriminell virksomhet i arbeidslivet som i EU. Kan det være helt tilfeldig? Det burde i hvert fall undersøkes og diskuteres.



Sosial dumping. Norsk arbeidsliv hadde vært verre uten tiltakspakkene som den rødgrønne regjeringa innførte. Men EØS-avtalen gjør det stadig vanskeligere å bekjempe de nye formene for kriminalitet i arbeidslivet. FOTO: OLF/TOM HAGA



Å stille vilkår i forbindelse med etablering i Norge, kan fort oppfattes som et tiltak i strid med EØS-retten

DAG SEIERSTAD

Standpunkt 1-2016

Norsk fagbevegelse har all ære av at hovedbudskapet retta til arbeidsinnvandrere hele tida har vært: «Velkommen skal dere være – til norske lønns- og arbeidsvilkår!»

Det gikk greit til å begynne med. Da EU utvida seg østover i 2004, hadde vi rett til å innføre en femårig overgangsordning før den frie flyten av arbeidsinnvandrere fra EU-land skulle gjelde fullt ut. Stortinget vedtok da som norsk

overgangsordning: For å få arbeidstilatelset, måtte statsborgere fra de nye EU-land kunne vise fram arbeidskontrakt om heltidsarbeid til norske lønns- og arbeidsvilkår og dokumentasjon på at de hadde forsvarlige boligforhold.

Ordningen ble på forhånd kritisert for at den ville «stenge grensene». Det motsatte skjedde. Arbeidsinnvandringen til Norge fra Øst-Europa ble mer enn dobbelt så stor som til Sverige som ikke innførte noen slik overgangsordning. Årsaken var enkel: Polakker og baltre valgte Norge fordi det var her de var garantert skikkelig lønn.

På en konferanse stilte Norsk tjenestemannslag nylig spørsmålet: Er EØS-regelverket et hinder i bekjempelsen av arbeidslivskriminalitet? Svaret er ja.

Vi kunne for eksempel prøve å gjeninnføre overgangsordningen fra 2004 til 2009. Den sikra nettopp arbeidsinnvandrere heltidsarbeid til norsk lønn og norske arbeidsvilkår. Faren er stor for at ESA og EFTA-domstolen vil se en gjeninnføring som et inngrep mot den frie flyten av arbeidskraft.

Det kan likevel være verdt å prøve. Det er ved å teste grensene for handelfriheten innen EØS-avtalen at vi legger det beste grunnlaget for en debatt om vi virkelig er tjent med EØS.

Arbeidsinnvandrere som kommer til Norge enkeltvis eller i små grupper, skaper få og små utfordringer – hvis det ikke fantes andre former for arbeidsinnvandring. Det sørger den såkalte etableringsretten for.

Etableringsretten innebærer at ethvert selskap etablert i et EU-land (eller på Island og i Liechtenstein) fritt kan etablere seg med en filial i Norge, eller ta med seg egne ansatte til oppdrag i Norge (såkalt utstasjonering). Det er denne etableringsretten som gir romslige arbeidsvilkår for den omfattende kriminaliteten i det norske arbeidslivet.

Å stille vilkår i forbindelse med etablering i Norge, kan fort oppfattes som et tiltak i strid med EØS-retten – uansett hvor forsiktige og uskyldige vilkår vi prøver oss på. Men de som avviser ethvert lite initiativ i den retningen, markerer så tydelig som det er mulig at EØS nettopp er et «hinder i bekjempelsen av arbeidslivskriminalitet».



AV DAG SEIERSTAD

Varamedlem til styret i Nei til EU
standpunkt@neitileu.no



Offensivt landsmøte. – Nei til EU-landsmøtet i Svolvær i november tok TISA-motstanden eit steg lenger og krev at Noreg skal trekke seg frå forhandlingane, seier Kathrine Kleveland, leiar i Nei til EU.

FOTO: EIVIND FORMOE

NEI TIL EUS LANDSMØTE KREV:

Noreg må trekke seg frå TISA-forhandlingane

– Landsmøtet i Nei til EU vil at Noreg skal trekke seg frå forhandlingane om ein TISA-avtale, seier **Kathrine Kleveland**.

Noreg er med på å forhandle fram ein internasjonal handelsavtale som gjeld tenester, TISA (Trade In Services Agreement). TISA-landa utgjør 70 prosent av verdshandelen med tenester.

– Den norske modellen for velferd byggjer på gode offentlege tenester innfor helsesektoren, utdanningssek-

toren, postsektoren og mange andre sektorar. Ein TISA-avtale kan resultere i eit svakare offentleg tenestetilbod på mange område – spesielt ut i frå at regjeringa ønskjer meir konkurranse om offentlege tenester, seier Kathrine Kleveland.

Skjerpar TISA-motstanden

Nei til EU har vore kritisk til TISA ut frå det som har vore kjent frå forhandlingane. Men landsmøtet i Svolvær i november tok motstanden eit steg lenger og krev no i fråsegna «TTIP og TISA trugar norsk velferd og demokrati», at Noreg skal trekke seg frå forhandlingane.

– Nei til EU meiner at det som så langt er kjent om TISA viser at avtalen gir multinasjonale selskap store privilegium i høve til nasjonale verksemdar, seier Kathrine Kleveland.

– Domstolar som står over norsk rett vil med denne avtalen kunne dømme Noreg til å betale store summer til multinasjonale selskap, dersom vi til dømes vedtek miljø- og helsekrav som hindrar dei i å gjennomføre planar som kunne gje dei økonomisk profit.

Frys og skralle

Gjennom lekkasjar har det vorte kjent at avtalen inneheld to klausular som krev særskild merksemd. Desse har



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no

Ein TISA-avtale kan resultere i eit svakare offentleg tenestetilbod på mange område

KATHRINE KLEVELAND

Leiar i Nei til EU

ein på norsk valt å kalle frys og skralle. Frys medfører at alt som ikkje er teke unntak for når avtalen ligg føre, i framtida kan privatiserast. Noverande grad av liberalisering blir bunden, og nye reguleringar eller restriksjonar kan ikkje innførast i framtida.

Ei skralle er eit instrument som er utforma for å tillate rørsle i berre éi retning. Slik er det også med skralleprinsippet i TISA-avtalen. Er ei teneste først privatisert, kan ho ikkje ved eit seinare høve tilbakeførast til offentleg eigedom. Når ei regjering lettar på restriksjonane overfor utanlandske firma, tenester eller produkt, så blir desse endringane automatisk låste og kan ikkje reverserast.

Konsern saksøker statar

Desse to avtalane, TTIP og TISA, er som skreddarsydde for multinasjonal storkapital.

– Mektige konsern vil få ei hand på rattet når det gjeld samfunnsutvikling. Dersom dei folkevalde gjer vedtak som kan føre til tap av framtidig profitt for selskapa, kan dei store konserna saksøkje staten. Dette ved hjelp av ein mekanisme dei kallar ISDS (Investor – State Dispute Settlement), på norsk Investor – stat tvisteløysing, seier Kathrine Kleveland.

– Denne mekanismen set til sides alle vanlege måtar å løyse tvistar på her i landet. Ein har døme på at multinasjonale selskap har saksøkt statar som har innført lover om minsteløn, regelverk til vern om miljøet, krav om helseopplysingsmerking på røykpakkar (Philip Morris), vedtak om utfasing av atomkraft, med meir.

Arbeidstakarar og forbrukarar

I Noreg har vi utvikla sterke arbeidstakar- og forbrukarrettar. Dessutan har vi til dømes sterke reguleringar og standardar innan helse- og miljøsektoren.

– Nei til EU er uroa for at ein del av standardane og rettane kan bli svekkja fordi dei kan bli vurdert som handelshindringar. Verknadane for kvinner sine arbeidsplasser og moglegheiter for å ta lønna arbeid som ein kan leve av, vil bli dramatiske.



Lær meir om TISA

■ Her er nokre nyttige ressursar om TISA:
■ www.attac.no/stopp-tisa/
■ www.attac.no/stopp-ttip/
■ www.neitileu.no/kunnskapsbank/ttip_tisa

Vett som e-bok

■ Last ned Vett 3-2015: «I tjeneste for samfunn eller selskap?» her: neitileu.no/media/publikasjoner/vett/vett_3_2015_i_tjeneste_for_samfunn_eller_selskap
■ No kan du også få Vett-heftet som e-bok: itunes.apple.com/us/book/i-tjeneste-for-samfunn-eller/id1068214811?ls=1&mt=11



Vil stoppe TTIP og TISA. Benedikte Pryneid Hansen og Per Martin Sandtrøen engasjerer landsmøtedeltakarane i kampen mot TTIP og TISA. FOTO: SINDRE HUMBERSET

KORLEIS VINNE KAMPEN MOT TTIP OG TISA?

– Vi må ha alle med oss

Benedikte Pryneid Hansen og Per Martin Sandtrøen engasjerte Nei til EU-landsmøtet for å stoppe handelsavtalane TTIP og TISA.

Kampen mot TTIP og TISA er ei av hovudsakene på Nei til EUs landsmøte. Nestleiar Benedikte Pryneid Hansen og Per Martin Sandtrøen, rådgjevar i Senterpartiet si stortingsgruppe, innleidde til eit handlingsretta seminar om dei to handelsavtalane.

– Eg er oppteken av handlingsalternativ. Det hjelp ikkje med mykje kunnskap om vi ikkje veit kva vi skal gjere med den, sa Benedikte Pryneid Hansen.

– Alliansebygging og folkeopplysning må til for å stoppe TTIP og TISA. Vi må få fleire organisasjonar og parti på bana. Det er viktig å få ein debatt i kommunestyra rundt om, for å få vedtak om til dømes TTIP- og TISA-fri sone, sa ho.

– Vi må ha alle med oss. Utan neifolka i Arbeiderpartiet vinn vi ikkje. Utan grasrota i LO vinn vi ikkje.

Viktig for EØS-kampen

TTIP og TISA er viktige for kampen

mot EØS, og omvendt.

– Om vi klarer målet vårt om å få opp brei debatt om utmelding av EØS, vil det verte mykje vanskelegare å få Noreg inn i TTIP og TISA.

– Vi har svært mange med oss. Vi har ei utfordring med å formidle disse svært kompliserte sakene med vanskelege forkortingar. Vi må gjere det enklare. Vi må vise at TTIP og TISA ikkje er laga ut frå interessene til folk.

– Tilhengarane prøver å gjere dette vanskeleg for oss. Vi skulle ikkje vite om dette. Vi skulle ikkje sitje her på hotellet i Svolvær og snakke om dette. Men det gjer vi, sa Benedikte Pryneid Hansen.

Per Martin Sandtrøen var samd.

– Vi er opptekne å halde på den nordiske modellen. Men også i dei nordiske landa aukar skilnadane. Den mest effektive måten å hindre aukande skilnadar, er å sikre at alle innbyggjarane har tilgang til like gode tenester. TISA-avtalen kan stikke kjeppar i hjula for politikken for å motverke aukande skilnadar, sa han.

– Eg kan ikkje vite kva konsekvensane av TISA vil bli, men det er vanskeleg å tru på at det ikkje vil få nokon konsekvensar.

– Dette er vanskelege saker, men eg har lært meg til å seie det slik: Denne prosessen er ikkje demokratisk. TTIP og TISA tener heller ikkje vanlege folk. Difor er eg mot.

Enstemmig valgte. Ledelsen i Nei til EU ble enstemmig valgt på et harmonisk landsmøte 13.-15. november 2015. Nei til EUs landsmøte ble i år avholdt i Svolvær, og landsmøtedeltakerne fikk anledning til å oppleve både natur og kultur i Lofoten.

FOTO: EIVIND FORMOE

GINA BARSTAD OG SHOAIB SULTAN:

Her er de nye nestlederne

Nei til EUs to nye nestledere, **Gina Barstad og Shoaib Sultan**, tar med seg kunnskap, erfaring og engasjement rundt en rekke viktige saker inn i sine nye verv.



— **M**an skal være ydmyk i en organisasjon som har så mye kunnskap og så mye flotte folk, sier Gina Barstad til Standpunkt.

Kathrine Kleveland ble gjenvalgt som leder og Boye Ullmann som AU-medlem i Nei til EU.

Gina Barstad har bakgrunn fra Sosialistisk Venstreparti (SV) og har blant annet møtt fast som vara til Stortinget i to og et halvt år. Til vanlig studerer hun administrasjons- og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen, hvor hun bor med mann og en datter på ett og et halvt år.

— Det er litt nytt for organisasjonen å ha en nestleder som opererer utenfor Oslo. Jeg har base i Bergen, og tenker at det kan være en styrke. Verden ser noen ganger litt annerledes ut utenfor Oslogryta, og det er et perspektiv jeg gjerne vil tilføre som ny nestleder, forklarer Barstad.

Shoaib Sultan er aktiv i Miljøpartiet de Grønne (MDG), og sitter i bystyret i Oslo. Han jobber på Antirasistisk senter med kartlegging av ekstreme



Leder Kathrine Kleveland.



Nestleder Gina Barstad.



AV TORI AARSETH

tori.aarseth@neitileu.no

miljøer som fagfelt, og er pappa til to syv-åringer.

— Miljø og klima var noe som dro meg inn i politikken, og også EU-standpunktet mitt i 1994 handlet veldig mye om dette. En annen ting, som også er viktig i MDG-sammenheng, er lokaldemokrati, selvråderett og muligheten til å kunne forme sin egen politikk og ikke få direktiver fra et udemokratisk organ der ute i Europa. Dette var noe av det som gjorde at jeg ble engasjert i Nei til EU, som gjorde at jeg stemte nei i 1994 og fortsatt står for det standpunktet i dag, forteller Sultan.

Andre samarbeidsformer

Sultan er også opptatt av å synliggjøre andre mulige samarbeidsformer.

— En ting man ofte møter på er anklagen om at hvis du er for samarbeid så er du for EU, og hvis du er mot EU så må du nødvendigvis være mot samarbeid både i Europa og ellers. Jeg liker å heller se på Nei til EU som et ønske om en annen type samarbeid, ikke bare med Europa, men også bredere, og også et ønske om en mer demokratisk struktur. I EU er det fortsatt et byrå-

krati som sitter med veldig mye makt, og handlingsrommet for medlemsstatene har vi sett er veldig begrenset gjennom ulike kriser de siste 10 årene. Jeg tenker at det er noe av den viktigste grunnen til at den norske nei-bevegelsen vel omtrent aldri har stått så sterkt som nå, sier Sultan.

Samtidig som nei-standpunktet står sterkt i folket, er begge de nye nestlederne helt klare på at Nei til EU likevel fyller en viktig funksjon i samfunnsdebatten.

— Det ene er at vi vet at det er mektige krefter i Norge som ønsker et norsk medlemskap i EU, så det er utrolig viktig at vi som nei-bevegelse har en beredskap i tilfelle det skulle komme spørsmål om ny EU-søknad, forklarer Barstad.

— Det er også viktig at det er noen som er pådriver for debatten som handler om Norges relasjon til Europa og om EØS-avtalen. Spesielt når det gjelder hvordan EØS-avtalen er med å legge føringer for norsk politikk, så tenker jeg at Nei til EU er både en kunnskapsbank og den som tar den daglige europadebatten.



Støtter oppropet mot EØS

Også Sultan er opptatt av Nei til EUs rolle som pådriver i EØS-debatten, og har skrevet under oppropet mot EØS som ble lansert i sommer.

– Jeg synes EØS-avtalen bør problematiseres mer, ikke minst med tanke på likheten mellom dagens EØS-samarbeid og det EF-medlemskapet vi sa nei til på 70-tallet, sier Sultan.

– Mens vi hadde den store debatten om EU, så snek man EØS litt inn bak døra. Vi bør ha en debatt om EØS-avtalen, og om det er den beste formen for samarbeid med EU. Vi må forholde oss til EU som en størrelse der ute uansett, men jeg mener at vi kan se med friske øyne på hvordan vi skal gjøre det.

De to nestlederne tar med seg kunnskap og engasjement rundt en rekke forskjellige saker når de trer inn i sine nye verv.

– Jeg har gjennom alle år jeg har vært politisk aktiv vært spesielt opptatt av likestillingsspørsmål og arbeidsliv, og særlig der disse to møtes, forteller Barstad.

– Et antikrigsengasjement har også ligget til grunn for meg veldig lenge.



Nestleder Shoaib Sultan.



AU-medlem Boye Ullmann.



Generalsekretær Hilde Loftesnes Nylén.

Min begynnelse i politikken var i 2003. Da var jeg 17 år, og det var de store demonstrasjonene mot Irak-krigen som gjorde at jeg meldte meg inn i SU samme høst.

Løfte debatten inn i MDG

Sultan vil bidra til å løfte nei-saken inn i MDG, og bruke nestledervervet til å bygge kunnskap hos seg selv og andre.

– Jeg synes det hørtes ut som en spennende utfordring. Det å ha et nestlederverv tenker jeg både forplikter og gir en mulighet til å sette seg inn i saker og ting, sier Sultan.

– Jeg tenker at det er viktig at nei-standpunktet blir løftet frem i MDG og kanskje også etterhvert i en organisert form, slik at vi får en grønn nei-gruppe. Vi vet at partiet er delt, og da er det viktig at man løfter frem nei-standpunktet, synliggjør det og prøver å samle flere folk rundt det.

– Nei til EU er en av de viktigste organisasjonene i Norge, sier Barstad.

– Jeg synes det er et kjempeprivilegium å få lov til å være med å jobbe i Nei til EU, og jeg takker landsmøtet for tilliten.



Nei til EUs nye ledelse

Valgt på landsmøtet i Svolvær 15. november 2015

Arbeidsutvalget

- Kathrine Kleve-land, leder
- Gina Barstad, nestleder
- Shoaib Sultan, nestleder
- Boye Ullmann

Styret

- Ådne Naper
- Roger Haga Heimli
- Brita Skallerud
- Olaf Gjødrem
- Anne Lise Hessen Følsvik
- Jan Arne Bremnes
- Johanne Thunes
- Turid Thomassen
- Heidi Larsen
- Åsa Kjerstine Moen (sitter som leder av Ungdom mot EU)

Varamedlemmer

- Benedikte Pryneid Hansen, 1. vara
- Gerd Knutsen, 2. vara
- Per Inge Bjerknes, 3. vara
- Arne Byrkjeflot, 4. vara
- Dag Seierstad, 5. vara



Til sak mot fredspris til EU

■ Nobelstiftelsen i Stockholm er saksøkt for åtte millioner kroner etter å ha gitt Nobels fredspris til EU i 2012. I Norge var det sterk strid om prisen. Det ble arrangert motdemonstrasjon i tillegg til det tradisjonelle fakkeltøget.

– Denne prisen illustrerer hvor langt Nobelkomiteen har fjernet seg fra Nobels vilje. Flere EU-land har atomvåpen, og EU satser tungt på opprustning, sier den svenske fredsforskeren Jan Øberg til Klassekampen.

Han står bak stevningen sammen med tidligere fredsprisvinner Mairead Maguire, den amerikanske fredsaktivisten David Swanson og Nobel Peace Prize Watch (NPPW), der juristen Fredrik Heffermehl er en sentral aktør.



Nei til EU vil lære Aspaker å si nei

■ Elisabeth Aspaker blir regjeringens nye EU- og EØS-minister. Nei til EU vil vise den nye ministeren kunsten å si nei og inviterer henne til dialog.

– Aspaker må stå opp for norske interesser overfor EU. 70 prosent sier nei til EU-medlemskap. Da trenger vi en minister som kan si nei til EU-regler som går på bekostning av nasjonale interesser, sier Kathrine Kleve-land.

– Nei til EU møter gjerne den nye ministeren for en samtale om hvordan hun kan si nei til dårlige forslag fra EU.



Schengenlandene gjeninnfører grensekontroll. Svensk politi gjeninnfører tilfeldig grensekontroll på Hyllie stasjon i Malmö. Sverige er et av landene som har gjeninnført grensekontroll som konsekvens av kollapsen av yttergrensene. PHOTO: NEWS ØRESUND – JOHAN WESSMAN (CREATIVE COMMONS)

TRINE SKEI GRANDE I NEI TIL EUS ÅRBOK 2016

Åpner for EUs flyktningkvoter

Venstreleder **Trine Skei Grande** åpner for tettere tilknytning til EUs kvotesystem for flyktninger, men møter motstand.

Nei til EUs nye årbok tar for seg de viktige utviklingstrekkene og konfliktlinjene i EU og undersøker hva Schengen-medlemskapet betyr for Norge. I et intervju i årboken åpner Venstre-leder Trine Skei Grande for enda tettere tilknytning til EU-systemet.

– Dublinavtalen knytter Norge til EUs asylsystem. I hvor stor grad bør Norge være en del av EUs felles flyktning- og asylpolitikk?

– Venstre er åpen for en tettere tilknytning til EUs felles flyktning- og asylpolitikk. Europa har felles utfor-

dringer med det økende antall asylsøkere som har kommet til Europa i 2015, og det er viktig at en finner løsninger i fellesskap, sier Trine Skei Grande.

– Norge bør bidra til å ta imot vår andel av asylsøkerne som kommer, og Venstre er åpen for å tilknytte seg et permanent europeisk kvotesystem for fordeling av asylsøkere mellom europeiske land.

Personkontroll kan bli nødvendig

Kjell Ingolf Ropstad er stortingsrepresentant for Kristelig Folkeparti og andre nestleder i Justiskomiteen. Han mener det kan være nødvendig med en

gjeninnføring av grensekontroll.

– Skal Norge og Europa klare å hjelpe mennesker som flykter fra krig og elendighet, er det avgjørende at de som ikke har et reelt behov for beskyttelse sendes raskt ut. Dette vil være avgjørende for å sikre asylinstituttet, sier Ropstad.

– I den situasjonen vi er i nå, med utfordringer knyttet til grensekontroll ved Schengens yttergrense, kan personkontroll være et virkemiddel for å sikre asylinstituttet.

Støtter solidarisk fordelingsansvar

Rødt-leder Bjørnar Moxnes gir EU selv en stor del av ansvaret for flyktningkrisen.

– Hvis EU avstår fra deltakelse i militære intervensjoner og kriger, vil unionen bidra til at mange slipper å legge ut på flukt. EU bør i stedet bidra til at politiske og sosiale konflikter løses politisk i stedet for militært, sier Bjørnar Moxnes.

– Når det gjelder den akutte flyktningkatastrofen, så støtter vi at EU lager et solidarisk fordelingsansvar for flyktningene, basert på befolkningsgrunnlag og økonomisk bæreevne. Det gjelder både i forhold til de flyktningene som befinner seg i eller er på vei til Europa, og den økonomiske støtten til



AV MORTEN HARPER

morten.harper@neitleu.no



Nei til EUs årbok 2016 «Sammenbrudd for Schengen?»

■ Årboken har intervjuer med blant andre Anders Anundsen, Anniken Huitfeldt, Jenny Klinge, Bård Vegar Solhjell, Kjell Ingolf Ropstad og Trine Skei Grande. I tillegg har boken artikler av blant andre Ann-Magrit Austenå, Svein Eldøy, Dag Seierstad, EU-parlamentariker Rina Ronja Kari, Chris Jones (Statewatch) og The Bureau of Investigative Journalism. Nei til EUs utredningsleder Morten Harper er redaktør.

Tema i boken:

■ Folk på flukt. Hvordan EU har sviktet flyktningene og hva kan gjøres med det.

■ Frontex på grensen av kaos. Kritisk undersøkelse av EUs byrå for yttergrensekontroll.

■ På sporet av Schengen og personkontrollen som forsvant. Organisert kriminalitet og norsk politisamarbeid med EU.

■ Fri flyt av personopplysninger. Er det bare forbryterne som trenger å frykte EUs overvåking og persondatabaser?

■ Kavalkaden. De viktigste hendelsene i EU og i forholdet mellom Norge og EU.



■ 160 sider.
■ Medlemspris: kr 225.
■ bestilling@neitileu.no



Schengen-avtalen

■ I løpet av 2015 har Schengenavtalen trådd ut av mørket og debatten går høyt om avtalen, som Norge ble assosiert medlem av i 2001, for 15 år siden. Flyktningkrisen har satt Schengen i spenn.

■ Schengenavtalen avskaffet personkontroll mellom landene samt etablerte en felles yttergrensekontroll. Siden har Norge blant annet inngått avtale om politisamarbeid med Europol, og knyttet seg til EUs asyl- og flyktningpolitikk gjennom Dublinavtalen.

■ Nå er fremtiden til Schengenavtalen usikker. Den felles yttergrensen har brutt sammen, og enkelte av medlemslandene stenger grensene sine igjen.



Jan Erik Grindheim. – Norge bør føre en politikk på dette området som er hundre prosent integrert med EUs politikk.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

JAN ERIK GRINDHEIM:

Vil ha et europeisk FBI

Leder i Europabevegelsen, Jan Erik Grindheim, vil ha europeisk FBI, med Norge underlagt.

Grindheims ønske om et europeisk FBI for å kjempe mot organisert kriminalitet kommer fram i en artikkel i Nei til EUs nye årbok for 2016.

– Kan personkontroll ved landegrensene styrke kampen mot organisert kriminalitet, og hva er ditt syn på en gjeninnføring av grensekontroll?

– Jeg er helt imot gjeninnføring av grensekontroll og tror personkontroll ved landegrensene har lite å si for kampen mot organisert kriminalitet, sier Grindheim.

– Men organisert kriminalitet beveger seg over tid også inn i den grå og hvite økonomien, så det er i tillegg behov for ressurser til å bekjempe dette på tvers av landegrensene. Det tilsier økt politisamarbeid i EU/ EØS – et europeisk FBI.

Vil ha full integrering

– Dublinavtalen knytter Norge til EUs asylsystem. I hvor stor grad bør Norge være en del av EUs felles flyktning- og asylpolitikk?

– Vi bør absolutt ta vår del av ansvaret for å verne om vår fellesyttergrense på en god og humanitær måte, og for å ta imot mennesker på flukt og mennesker som kommer hit for å søke et bedre liv. Det vil si at vi er helt integrert i EUs felles flyktning- og asylpolitikk. Jeg tror dette er begynnelsen på en folkevandring, som de europeiske landene bare kan møte i fellesskap.

– Norge bør føre en politikk på dette området som er hundre prosent integrert med EUs politikk.

AV MORTEN HARPER

morten.harper@neitileu.no

Venstre er åpen for å tilknytte seg et permanent europeisk kvotesystem.

TRINE SKEI GRANDE

Leder i Venstre

land i nærområdene.

– Norge har bæreevne til å ta imot sin andel, det vil si omkring en hundre del av de 160 000 som nå blir fordelt, i tillegg til det antallet kvoteflyktninger vi har forpliktet oss til å ta imot. Når det gjelder de 1600, vil dette være en enkeltavtale og ikke innebære at Norge underlegger seg EUs bestemmelser for øvrig, sier Moxnes.

Norge må ikke bli forpliktet

Nei til EU-leder Kathrine Kleveland mener Schengen-avtalen er avståelse av suverenitet i strid med Grunnloven. Hun vil ikke være med på at Norge bindes av EUs flyktningssystem.

– Dublinavtalen knytter Norge til EUs asylsystem. I hvor stor grad bør Norge være en del av EUs felles flyktning- og asylpolitikk?

– Dublinsamarbeidet skulle forbedre europeisk asylpolitikk, gjøre oss bedre egnet til å ta imot flyktninger og sørge for rettferdig behandling av asylsøknader. Det siste årets flyktningkriser viser at dette ikke fungerer.

– Nei til EU mener at vi må se bort fra Dublinavtalen, og vi ønsker heller ikke at Norge i fremtiden skal være forpliktet av en slik avtale. Asylsøkere som kommer til Norge, må få sin sak behandlet av norske myndigheter, ikke bli returnert til en usikker behandling i et EU-land.

– Hvilke tiltak bør EU og Europa iverksette for å håndtere flyktningssituasjonen, og hva bør Norge gjøre?

– Flyktningkrisen er større enn både EU og Schengen. Nei til EU har pekt på at flere sentrale aktører må inn for å løse den konkrete krisen nå, som Tyrkia, Russland og de nord-afrikanske landene. Vi foreslår et internasjonalt toppmøte om flyktningesaken, der det er viktig at landene har nasjonal handlerett til å gjennomføre tiltak etterpå. Vi ser også positivt på at den norske regjeringen har gått i front for en giverkonferanse. Norge må sørge for kapasitet til å motta og behandle den forventede økningen i antallet flyktninger på en god måte.



Aktivistar på stand. Ja-sida hadde overtaket i media, men Folkebevægelsen stod på stand. Men viktigast for utfallet var det truleg at danskane har fått meir enn nok av EU. FOTO: BIRTE UHRE

FOLKEBEVÆGELSEN MOD EU VANN I DANMARK:

– Neiet skal respekterast

– Demokratiet sigra i Danmark. Det var heilt fantastisk at det vart eit nei til avskaffing av justisunntaket i folkerøystinga 3. desember, seier Lave Broch.

Lave var kampanjekoordinator for Folkebevægelsen mod EU. No gler han seg over det gode resultatet.

– Vi vann trass i ei massiv skremmekampanje frå ja-sida, og trass i at vi på nei-sida hadde færre ressursar. Vi hadde også dårlegare resultat i meningsmålingane då datoen for folkerøystinga vart sett, seier Lave Broch.

– Kampanjen vår gjekk difor i motbakke frå første sekund, men vi luk-

kast. Vi lukkast berre fordi vi kjempa tverrpolitisk for eit nei. Ein stor takk til alle som gjorde ein innsats!

Vil ha alternativ til EU

Lave Broch seier at Folkebevægelsen mod EU ikkje vart invitert då statsminister Lars Løkke Rasmussen hadde møte med partia på Folketinget.

– Folkebevægelsen mod EU har oppmoda regjeringa til å lære av nei-fleirtalet ved å involvere folket meir. Vi vil



Danske unntak

■ Justisunntaket fekk Danmark etter at danskane røysta nei til Maastricht-traktaten i 1992. Det medfører at Danmark ikkje kan underleggast EUs overstatlege justispolitikk.

■ Eit fleirtal i Folketinget ville avskaffe det danske justisunntaket i EU og få Danmark med i delar av EUs overstatlege justispolitikk. EU ville fått overstatleg makt over strafferett, overvaking og registrering av borgarane, utlevering av borgarar til andre land, samt terrorlovene.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neiteileu.no



Takkar for innsatsen. Kampanjekoordinator Lave Broch takkar for innsatsen på valvaka. FOTO: JESPER MORVILLE

ha folkerøystingar om alle nye traktatendringar og om EUs bankunion, som vi reknar med at ja-partia vil forsøke å få Danmark med i. Danmark bør også følgje aktivt med i utviklinga i Storbritannia. Det er på tide at vi får ein folkeleg debatt om alternativ til Danmark si EU-tilknytting, seier han.

– Ta kontakt med EFTA-landa

– Eg vil oppmode den danske regjeringa til å snarast ta kontakt med regjeringane i Noreg, Island, Sveits og Liechtenstein. Det vil vere optimalt om Danmark kan få til eit fleksibelt samarbeid med dei fire EFTA-landa om justispolitiske spørsmål, seier Lave Broch.

– Vi kan til dømes saman føreslå eit effektivt politisamarbeid med EU om Europol, samstundes som at demokratiet vert sikra dei beste vilkår og vi garanterer rettstryggleiken til borgarane i landa våre.

– Med neiet den 3. desember er det slått fast med sjutomspikar at dei danske EU-unntaka står fast. No er det på tide at vi brukar den fridomen og sjølvstendet vi har på justisområdet til å ivareta danske interesser maksimalt i internasjonale samanhengar. Det danske nei til EUs overstatlege justispolitikk skal respekterast.


Nei til EU gratulerer

Nei til EU gratulerer det danske folket og nei-rørsla med sigeren i folkerøystinga.

– Demokratiet sigra trass i skremmelser. Den danske ja-sida hevda at det ikkje fanst reelle alternativ til å røyste ja i folkerøystinga. Resultatet viser at det danske folket ikkje let seg skremme, seier Kathrine Klevealand, leiar i Nei til EU.

– Vi opplever at dette er eit steg i retning av den norske modellen, som viser at det går an å ha eit samarbeid land til land utan å vere underordna EU på alle område, seier Kathrine Klevealand, og held fram:

– Noreg har i dag eit praktisk, godt fungerande samarbeid med Europol, og dette vil vere eit naturleg alternativ for Danmark.



STUDIEARBEID I NEI TIL EU: Kunnskap gir tilskudd!

Kombinasjonen av kunnskap og aktivitet er det som gjør Nei til EU til en slagkraftig organisasjon.

Vi står i en god folkeopplysningstradisjon. Vi veit at kunnskap er tilskuddet som skal til for å gi aktiviteten tyngde. Da er det en ekstra bonus at kunnskapsbygging også kan gi laget økonomisk tilskudd!

Det skjer stadig noe nytt, både i og utenfor EU. Organisert studievirksomhet er en velprøvd metode for å skolere tillitsvalgte og aktivister i alt fra EØS eller TISA til hvordan drive organisasjonsarbeid lokalt. Faste studiepunkter på styremøter kan også rapporteres som et studietiltak (men ikke de ordinære styresakene).

Kroner og gratis lokaler

Enda en grunn til å organisere studieaktivitet er at det kan gi tilskudd i kroner og øre rett inn på lagets konto. Gjennom Nei til EU sitt medlemskap i



Jan R. Steinholt

Studieforbundet næring og samfunn kan alle lokallag og fylkeslag registrere sin studieaktivitet og få økonomisk tilskudd etter gjeldende satser.

Dessuten gir kursaktivitet i samarbeid med studieforbundet rett til gratis bruk av offentlige undervisningslokaler (som skoler) mellom kl. 1700 og 2100 på hverdager.

Gode eksempler

Møteserien til Drammen Nei til EU er ett eksempel på hvordan det kan gjø-



Hvordan gå fram?

På hjemmesidene til studieforbundet (www.snos.no) ligger det informasjon om vilkår, tilskuddssatser og om hvordan man registrerer og rapporterer kursaktiviteten. For hjelp eller tips for å komme i gang, ta gjerne kontakt med organisasjonssekretær Jan R. Steinholt. Svar på mange vanlige spørsmål: <http://naeringogsamfunn.no/ressurser/sporsmal-og-svar?catid=1>



AV JAN R. STEINHOLT

jan@neitileu.no

res. I Drammen har de fått napp når de har bedt profilerte og kunnskapsrike folk stille som innledere på en møteserie rundt ulike temaer.

Ikke så mye som skal til

Vilkårene for at et kurs skal være tilskuddsberettiget er, i kortversjon:

- Det må følge en studieplan som forklarer læringsmål og innhold.
- Det må vare i minst 8 timer til sammen.
- Minst to deltakere må fullføre kurset (det vil si at de maksimalt kan ha 25 prosent fravær).
- Kurset kan foregå konsentrert på én dag (når 8 timer), eller man kan fordele timene på mange kursdager.
- Det må være kunngjort overfor målgruppa (f.eks. publisert som et facebook-arrangement eller sendt til målgruppa på ei e-postliste).

Det finnes en rekke studieplaner å velge mellom, så det er sjelden behov for å lage en ny. Hele registrerings- og rapporteringsprosessen skjer elektronisk over nettet. Få uker etter at kurset er rapportert, kommer tilskuddet inn på lagets konto.



1.



2.



1. Brexit. Meiningsmålingar i Storbritannia viser fleirtal for EU-utmelding.
2. Nei til EU i britisk debatt. Kathrine Klevealand sin kommentar i The Daily Telegraph 29. oktober.
3. Møter motstand. Den britiske statsministeren David Cameron på møte med sin polske kollega Beata Szydło i Warszawa 10. desember. Cameron har problem med å få med seg dei austeuropeiske EU-landa på kravet om å halde tilbake velferdsgode til EU-migrantar.

FOTO: D. SMITH

FOTO: GEORGINA COUPE/NUMBER 10

STORBRITANNIA VENTAR PÅ TILBOD FRÅ EU:

Kan gå mot utmelding av EU

Storbritannia har stilt sine krav for å bli og EU vil svare i februar. Begge sider i Storbritannia ser til dei **norske erfaringane utanfor EU.**

David Cameron, statsminister i Storbritannia, har lovd folkerøysting om EU-medlemskapet før utgangen av 2017. I oktober sende Cameron EU-president Donald Tusk ei liste med krav, som EU må møte for at Storbritannia skal verte verande i unionen (sjå eigen boks). Cameron stiller ikkje krav om at endringane må kome i form av traktatendringar, men at dei må vere «rettsleg bindande og irreversible».

Spesielt kravet om at EU-migrantar må bu i Storbritannia i fire år før dei kan få velferdsgode, er problematisk for dei andre EU-landa å akseptere. EU-president Donald Tusk har mål om at eit EU-toppmøte i februar skal kome opp med eit kompromiss som kan vere akseptabelt for alle parter.

Ser til Noreg

Det er uvisst i kva grad EU-landa vil kome Storbritannia i møte, men uansett er det store sjansar for at eit fleirtal går inn for EU-utmelding. Då blir spørsmålet korleis Storbritannia skal organisere sitt utanforskap. Fleire på neisida har vist til at Noreg klarer seg bra utanfor EU, men statsminister David Cameron åtvare sterkt mot å følge den norske modellen.

– Nokre av dei som meiner Storbritannia skal gå ut av EU, har peikt på den norske modellen som eit godt

døme. Eg vil åtvare sterkt mot det, sa Cameron i spørjetimen i det britiske parlamentet, ifølgje BBC 28. oktober.

– Noreg betalar faktisk like mykje per person til EU som det vi gjer. Dei tek mot dobbelt så mange migrantar i høve folketalet som Storbritannia gjer, men dei har ikkje nokon plass ved bordet.

Helgesen åtvarar britane

Den norske regjeringa ser ikkje ut til å meine at dei har noko ansvar for å forsvare den norske tilknyttinga til EU. I februar var EU-minister Vidar Helgesen invitert til London for å tale for den EU-venlege organisasjonen «British Influence».

– Eg er her for å hevde ei av dei aller viktigaste norske interessene i Europa i dag og det er at britane blir i EU, sa Helgesen ifølgje NRK 24. februar.

I ein artikkel i Newsweek 30. oktober utdjupa Helgesen synspunktet.

«På mange måtar er Noreg like integrerte i EU som Storbritannia er. Vår handel med EU-landa utgjer ein større del av handelen vår enn den gjer for Storbritannia. Vi har fleire arbeidsinnvandrarar frå EU-landa enn Storbritannia. Vi er med i Schengen», skreiv Helgesen.

«Våre økonomiske bidrag er på line med samanliknbare EU-medlemsland, men vi har ikkje rett til å røyste i Euro-



Britiske krav til EU

- Vern av den indre marknaden for Storbritannia og andre medlemsland utanfor eurosone.
- Styrke konkurranseevna gjennom å redusere byrden for næringslivet.
- Storbritannia vil ikkje bli bundne av EUs ambisjonar om «ein stadig tettare union» og ønskjer å styrke dei nasjonale parlamenta.
- Gjere det vanskelegare å få velferdsgode for EU-migrantar, både i og utanfor arbeid. Krav om at migrantar ikkje skal få tilgang til velferdsordningane før dei har budd i Storbritannia i fire år.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitleu.no



3.

pa», hevda Helgesen.

Også tidlegare utanriksminister Espen Barth Eide, som no er direktør i Verdens økonomiske forum, kasta seg inn i den britiske debatten. I eit innlegg i The Guardian 27. oktober åtvare også han mot den norske løysinga.

«Som ein EØS-medlem deltek vi ikkje i avgjerdsprosessane i Brussel, men vi må lojalt rette oss etter avgjerdene som blir fatta. Vi har innført om lag tre fjerdedelar av EU-rettsaktene i norsk rett, og talet aukar», skreiv Espen Barth Eide.

«Om Storbritannia skulle velje denne vegen, ville dei halde fram med å betale, halde fram med å 'bli styrt frå Brussel' og ville vere bundne av dei fire fridomane, inkludert fri rørsle [av arbeidskraft].»

Berre ni prosent medlem

29. oktober slapp Kathrine Klevealand, leiar i Nei til EU, til med ein kronikk i den største EU-kritiske avisa i Storbritannia, The Daily Telegraph. Under tittelen «Actually Mr Cameron, we Norwegians are happy, rich and free outside the EU», argumenterte ho for



at Noreg har det bra utanfor EU, og for at Noreg heller ønskjer eit enda friare forhold til EU. Ho avviste også påstandane frå Vidar Helgesen og Espen Barth Eide om at Noreg er omfatta av tre fjerdedelar av EU-rettsaktene.

«Faktisk ligg det meste av regelverket EU vedtek utanfor EØS. Mellom 2000 og 2013 innførte Noreg 4 723 direktiv og forordningar frå EU gjennom EØS-avtalen. I same periode vedtok EU 52 183 rettsakter. Av alt EU-lovverket vart berre ni prosent teke inn i EØS-avtalen», skreiv ho.

«Likevel er det slik at omfanget av EØS-avtalen aukar. Viktige norske politikkområde som energi, forvaltning av naturressursar, alkohol-lovgjevnad og regelverk mot sosial dumping har vorte utfordra av EØS-avtalen. Meiningsmålingar viser at eit fleirtal meiner EU har for stor makt i Noreg».

Det er også grunnen til at Nei til EU ønskjer å erstatte EØS-avtalen med ein tosidig handelsavtale.

Island tilrår utmelding

I oktober møttest David Cameron med sine nordiske kollegaer på Island. Der

hadde den islandske statsministeren, Sigmundur Gunnlaugsson, gode råd til britane. Ifølgje BBC 28. oktober meinte Gunnlaugsson at ei lausare tilknytning til EU kunne vere betre for Storbritannia. For Island sin del meiner han det var avgjerande at dei var utanfor EU for å kunne handtere finanskrisa.

– For det første var det avgjerande å ha vår eigen valuta. For det andre var det viktig å ha kontroll over våre egne lover for å kunne handtere dei spesielle problema vi møtte gjennom den økonomiske krisa, til dømes med kriselover, og for det tredje var det avgjerande å kontrollere våre egne naturressursar, sa Gunnlaugsson til BBC.

BBC spurte vidare Gunnlaugsson om den islandske tilknytninga til EU er ein modell for Storbritannia.

– Eg vil ikkje fortelje britiske politikarar kva dei skal gjere, men når det gjeld EU-medlemskap, så er det kanskje ein av tinga dei kan sjå på, sa han.

– Kanskje eit tredje alternativ er betre for Storbritannia, sa Sigmundur Gunnlaugsson.



Les Standpunkt før alle andre!

■ No kan du spare miljøet medan du les Standpunkt. Nei til EU vil no tilby Standpunkt, Vett og andre publikasjonar som elektroniske abonnement.

■ I staden for å få Standpunkt og Vett pakka i plast i postkassa, kan du no få avisa tilsendt til e-postadressa di, slik at du kan lese den på lesebrettet eller datamaskina di.

Standpunkt som e-avis

■ Her kan du teste e-avisa: <http://www.neitileu.no/kunnskapsbank/publikasjoner/standpunkt> http://issuu.com/nei_til_eu

■ Vil du registrere deg som e-avisabonnent? Send ei melding til: medlem@neitileu.no



Fleirtal for utmelding

■ Ei meningsmåling i desember viser fleirtal for EU-utmelding i Storbritannia. Målinga var utført av ICM for Ut av EU-kampanjen. 42 prosent av dei spurte vil ut av EU, mot 41 prosent som vil bli verande i unionen.

■ Målinga viser også at 45 prosent vil ut av EU dersom ikkje retten til fri rørsle i EU-området vert innskrenka. 40 prosent vil likevel bli verande i EU. NTB 15. desember



Aktivisten

Standpunkt vil bli bedre kjent med aktivister og tillitsvalgte.



Namn?

■ Toril Mongstad.

Bustad?

■ Lindås.

Alder?

■ 61.

Verv i Nei til EU?

■ Nestleiar og styresekretær i Hordaland Nei til EU, styremedlem i Bergen Nei til EU.

Yrke?

■ Ikkje yrkesaktiv.

Når og kvifor melde du deg inn??

■ Har vore medlem i om lag fire år, melde meg inn fordi saka er viktig og det trengs ei motmakt til det politiske fleirtalet.

Kva er den største utfordringa for Nei til EU no?

■ Den største utfordringa er å få fram kva som skjer politisk. Folket seier nei framleis, men regjeringa og det politiske fleirtalet arbeider aktivt for å få oss mest mogeleg EU-tilpassa. Det må formidlast kunnskap om kva som går føre seg, og det er også ei stor utfordring å få på plass eit alternativ til EØS-avtala.

Korleis kan Nei til EU nå breiare ut i ditt fylke/di kommune?

